

Ullensvang Kommune  
Sandal, Else Marie

## Innspel til temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Ullensvang kommune 2021-2025

Vestland fylkeskommune viser til motteke høyringsutkast til Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Ullensvang 2021-2025. Frist for innspel er 15.01.2021.

Ullensvang herad har ambisjon om at planen skal vera eit styringsverktøy for kommunen sitt engasjement innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021-2025. Det er eit mål at planen vert aktivt nytta, og at kommunen samla når dei måla og strategiane som er fremma.

Vestland fylkeskommune meiner denne planen er førebiletleg i si breidde og er positiv til avgrensinga, medverknadsprosessar og organisering av arbeidet. Det er tydeleg at kommunen ser på dette som ein viktig plan for utviklinga av kommunen.

Under følgjer kapittelvise innspel til temaplanen.

### 1. Innleiing

Temaplanen viser til ei rekkje relevante kommunale, regionale og nasjonale føringar og styringsdokument innan heile breidda av fagområde. Det er positivt at de listar opp desse med lenkjer direkte til fleire av dei aktuelle dokumenta. I desse ligg kjelder til eit godt kunnskapsgrunnlag som vil legge føringar for arbeidet.

### 2. Evaluering av tidlegare planar

Det er viktig og nyttig å ta med seg kunnskap og erfaring frå tidlegare plandokument. Det er positivt at Ullensvang no ønskjer å bygge vidare på verdiar og målsettingar i dei tidlegare planane.

### 3. Visjon

Vestland fylkeskommune meiner at visjonen *fysisk aktiv kvar dag, heile livet* er god og innhaldsrik og famnar breitt. Planen har eit solid overordna folkehelseperspektiv, som understøtter satsinga på følgjande målgrupper i planperioden: småbarnsfamiliar, tenårings, eigenorganiserte, inaktive og innbyggjarar over 70 år.

### 4. Mål

Planen har tre mål med strategiar og tiltak. Dette er gode mål, med godt gjennomarbeidde strategiar og tiltak som er tilpassa kommunen og har fokus på medverknad og kunnskapsgrunnlag. Oppstillinga er ryddig og oversiktleg og gjer det enkelt for dei som skal bruke planen å finne fram og måle resultat under perioden.

### 5. Fysisk aktivitet for alle, kvar dag, heile livet

I dette kapittelet går de grundig inn i dei ulike satsingsområda og skildrar dagens situasjon, utfordringar og mogleg vinst ved tiltak og aktivitet. Det vert vist til folkehelseoversikt og kunnskapsgrunnlag knytt til inkludering. Skildringa er eit godt grunnlag for vidare arbeid i kommunen.

### 6. Idretten i kommunen

Kapittelet tek grundig føre seg idretten i kommunen. Det er mykje informasjon om idretten sitt innhald, si rolle og sin status i samfunnet. Det er snakk om anleggsutvikling, idrettsråd og trendar i

utviklinga. Det er liten tvil om at dette er viktig for utviklinga i ein kommune. I dette første plandokumentet for nye Ullensvang kan det vere særleg nyttig å gi ei grundig skildring for å sikre god vidareføring frå dei tre tidlegare kommunane. Kapittelet inneheld også tilbakemeldingar frå innspelsmøter, noko som kan vere nyttig i det vidare.

#### **7. Friluftsliv på fyrste klasse**

Ullensvang kommune har politisk forankring på at kommunen skal verta Norges friluftshovudstad. Kommunen har eigne mål og strategiar knytt til friluftsliv. Kapittelet tek grundig føre seg arbeidet med friluftsliv i kommunen. Planen viser breidda frå sjø til fjell og med sikring, nasjonalpark, kulturlandskap, turisme, nærfriluftsliv og digitale løysingar.

Det er eit særleg fokus på nærfriluftsliv, attraksjonar innan friluftsliv, og status, merkevare og berekraft for friluftslivet. Nye tiltak skal basera seg på FN sine berekraftsmål. Det vert problematisert rundt tema tilrettelegging, og i kva grad ein skal legge til rette med adkomst for alle, alle stader. Dette er viktige tankar å ha med seg i arbeidet med nye friluftsanlegg.

Kartlegging/verdsetting og plan for friluftslivets ferdselsårer gir eit viktig kunnskapsgrunnlag for å nå måla i planen. Temaplanen bør sei noko om ferdigstilling av desse prosjekta.

#### **8. Anlegg - status og prosjekt under planlegging**

Kapittelet gjer ein grundig gjennomgang av anlegg i kommunen, fordelt på ulike kategoriar. Temaplanen har eige vedlegg: anleggsplan 2021 - 2025 + handlingsplan.

I oversikta over prioriterte anlegg er det ønskjeleg å få med berekna totalkostnad og stipulerte kostnader for drift og vedlikehald. Det er vist til kva år anlegga skal vere ferdig, men for dei fleste anlegga vil ikkje dette vere avklart. Planlagt byggjestart kunne derfor vore meir relevant å ta med. Dersom der er anlegg som ikkje har fastsett byggjestart, kan desse komme i ei eiga liste kalla uprioritert langtidsplan. Når det gjeld Eide trivselspark bør ein skilje ballbingen og sandvolleyballbana, slik at ein syner at dette er to spelemiddelsøknadar og får dei lagt inn i prioritert rekkefølge.

#### **9. Dugnad**

I dette kapittelet set kommunen pris på dugnad og frivillig arbeid. Det vert peika på resultata og verdiane frå arbeidet. Kanskje kan kommunen sei noko meir om korleis frivilligpolitikken er og skal vere i kommunen i komande periode.

Vestland fylkeskommune meiner denne planen er svært god og innhaldsrik og vil vere eit godt utgangspunkt for kommunen sitt arbeid innanfor fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i planperioden 2021 - 2025.

Lukke til med arbeidet vidare!

Med helsing

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

Hanne Marthe Espe  
spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*